

FRIBERG KINO BALESTRAND

Det kongelige kulturdepartement
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Balestrand 16.april 2012

HØYRINGSUTTALE UTKAST TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT OM FILM OG VIDEOGRAM

Friberg kino, Balestrand er ein dugnadsdriven kino med mål om å syne eit variert filmtilbod til alle aldersgrupper.

Vi er uroa over den retninga departementet peikar ut i definerings av Film & Kino sine basisoppgåver. Vi ynskjer difor å komme med innspel til forskrift om film og videogram.

Film & Kino er ein viktig støttespelar for oss småkinoar. Film & Kino sit på stor kunnskap om kinobransjen og har ivareteke viktige oppgåver for bransjen gjennom mange år. Den største oppgåva dei siste åra har vore digitaliseringa av kinoane. Gjennom bruken av midlar i filmfondet kunne alle kinoane i landet vere med i omlegginga til digital kino og Noreg beheldt sin unike kinostruktur.

Kvar kino har teke sin del av utgiftene gjennom å investere store summar til oppgradering og digitalisering. Dette har vore store løft for små kinoar – ikkje minst i kommunar med svak økonomi som Balestrand. Ein av føresetnadene for den store satsinga var å få lettare tilgang på aktuell og god film. Kinoane har fått fleire premierar, men opplever no problem med å få tak i kvalitetsfilm.

Vi treng eit sterkt Film & Kino som har ressursar til å stille opp for oss no når t.d. nokre byrå tek smale filmar av plakaten før små kinoar får desse. Vi stiller oss undrande til denne praksisen sidan kostnadene for produksjon av DCP-ar er låge i høve utgiftene til produksjon av 35 mm kopiar.

Kinoen ynskjer å tilby publikum kvalitetsfilm også i framtida. Då treng vi drahjelp gjennom sentrale kampanjar og støtteordningar som Film & Kino har stått for.

Endringar i Film og Kino sine oppgåver og rammevilkår påverkar vår verksemd. Kinoane merkar sterk konkurranse frå TV og nettenester. Det er såleis usikkert kor lenge digitaliserings- og 3D- effekten vil gje gode billettinntekter for kinoane og dermed avgiftsinntekter til fondet. Vi har alt merka at Film & Kino har hatt sviktande inntekter til fondet grunna dalande DVD-sal. Då er det spesielt viktig at ein prioriterer midlane rett.

Friberg kino vil kome med fylgjande konkrete kommentarar til nokre av dei oppgåvene departementet føreslær:

FILMTILBODET

Ei hovudoppgåve for Film og Kino må framleis vere å sjå til at det kjem film i alle sjanrar til alle aldersgrupper over heile landet. Det er viktig å føre vidare satsinga nettopp på oppsettingsstøtte til kvalitetsfilm og barnefilm for å få desse ut til alle kinoane uavhengig av storleik. Vi er såleis einige med departementet i at støtteordningane som er etablerte til import og distribusjon av kvalitetsfilm er viktig, men det må også gjelde for barnefilm.

CINEMATEK

Høyringsframlegget legg opp til ei satsing på Cinematekverksemd i nokre av dei største byane for å få vist filmar av historisk og kunstnarisk verdi. Dette er byar som alt no har tilgang på kvalitetsfilm. Friberg kino meiner at Cinematekverksemd ikkje skal vere ei prioritert oppgåve for Film & Kino. Vi meiner dette vil gje ei geografisk skeivfordeling med uheldige konsekvensar for småkinoar. Vi meiner det er viktigare å få variert film ut til dei eksisterande kinoane. Når Regjeringa satsar på norsk filmproduksjon er det naudsynt å ha eit godt kinosystem som får desse filmene ut til publikum over heile landet. Dette framlegget verkar såleis lite gjennomtenkt nettopp i den økonomiske situasjonen Film & Kino står oppe i.

BYGDEKINOEN

Bygdekinoen er eit tilbod til distrikt som ikkje har eigen kino. Det er viktig at det vert prioritert visingsstader som ikkje kjem i konflikt / konkurranse med lokal kinodrift.

FILMKLUBBAR

Dette bør ikkje vere ei prioritert oppgåve for Film & Kino, men overlatast til lokalt initiativ og drift.

Som medlem i Norsk Kinoforbund ynskjer Friberg kino at organisasjonen vår vert sett på høyringslista i saker som vedkjem kinobransjen.

For Friberg kino Balestrand

Marianne Hoff (sign)
Kinosjef

Merete Sande
Styreleiar